

Førde, 23.05.2011

NVE
Konsesjonsavdelinga
Postboks 5091 Majorstua
0301 OSLO

Dykkar ref.: NVE 200901128-54 kv/jaso

Førebels høyringsfråsegn: Søknad med konsekvensutgreiing for Breim kraftverk i Gloppen kommune, Sogn og Fjordane fylke

Vi viser til høyringsbrevet dykkar med vedlegg, og til anna saksmateriell som vi har lasta ned via internett. Dessverre hadde vi ikkje høve til å vere til stades på folkemøtet om saka 10.05.2011. Derfor sender vi no ei førebels og ufullstendig høyringsfråsegn for å ta opp spørsmål som vi hadde tenkt å ta opp i folkemøtet, dersom det hadde vore mogeleg for oss å vere til stades. Fullstendig høyringsfråsegn tek vi sikte på å sende seinare.

Alternative utbyggingsløysingar:

På side 3 i NVE sitt fastsette utgreiingsprogram av 14.07.2010 står det mellom anna følgjande: "Det skal også utredes et tredje alternativ med plassering av kraftstasjon ved Storelva oppstrøms Seime bru og med tilbakeføring av driftsvann til elva, slik at vannføringen i nedre deler av elva til utløpet i Breimsvatnet bevares."

Noko slikt alternativ har Breim Kraft AS ikkje utgreidd. **Kravet i utgreiingsprogrammet er dermed ikkje oppfylt!** Breim Kraft AS har utgreidd eit (svært dårleg) alternativ med utsleppet frå kraftstasjonen nedanfor Seime bru, men det er etter vårt syn ikkje på nokon måte ei tilfredsstillande oppfylling av kravet i utgreiingsprogrammet! Etersom kravet i utgreiingsprogrammet ikkje er oppfylt, **ber vi NVE sende konsesjonssøknaden attende til Breim Kraft AS med krav om at eit tilfredsstillande og utbyggbart alternativ med plassering av utløpet frå kraftstasjonen på ein eller fleire alternative høvelege stadar mellom Seime bru og Raad bru vert utgreidd! Vi ber i tillegg om at den noverande høyringsprosessen vert avbroten og at saka vert send ut på ny høyring etter at nye alternativ er skikkeleg utgreidde!**

Kommentarar: Vi er einige med utbyggerane i at alternativet med å legge utløpet frå kraftstasjonen på nedsida av Seime bru, er ei ubrukeleg løysing. Dette var ganske klårt alt i Meldingsfasen, så det er ikkje noko nytt. Vi vil nærast karakterisere det som bortkasta arbeid å utgreie eit så lite realistisk alternativ, spesielt når det ikkje eingong oppfyller NVE sine krav i utgreiingsprogrammet.

Det som også er ganske klårt, etter dei opplysningane vi har fått, er at det mellom Raad bru og Seime bru er ei strekning med fast fjell nær ved den sørlege elvebreidda. På den strekinga er det høgst sannsynleg heilt realistisk, og relativt problemfritt, å legge utløpet frå ein kraftstasjon. Vi har ikkje synfare konkret kor langt nedanfor Raad bru det er fast fjell nær elvebreidda (det er heller ikkje vår "jobb" å gjere det). Men vi går ut frå at det er nedover til anslagsvis midt mellom dei to bruene, eventuelt til litt nærare Raad bru enn Seime bru, men dette må sjølvstøtt undersøkjast nærare. Avhengig av plasseringa, vil utløpet frå kraftstasjonen truleg ligge ein stad mellom kote 69 og 74, slik at fallhøgda vert redusert med mellom 8 og 13 m. Det betyr redusert kraftproduksjon. Men til gjengjeld vil utbyggingskostnadane bli ganske mykje reduserte gjennom at tunnelen med det store tverrsnittet vil bli korta inn frå 4,1 til omlag 3 km. Det er etter vår vurdering svært sannsynleg at eit slikt utbyggingsalternativ vil vere lønsamt, med det kan NVE vurdere mykje betre enn oss.



Inntrykket vi – med rette eller urette – har fått etter å ha lese Breim Kraft AS si utgreiing av ”det tredje alternativet”, er dessverre at her har dei først bestemt seg for at utløpet frå kraftstasjonen ”skal” vere slik som i Meldinga, sjølv om det betyr ”overkøyring” av nokre av naboane og av viktige miljøomsyn, andre nærings- og friluftslivsinteresser. Og så har dei laga ei ”lissom-utgreiing” av eit heilt urealistisk alternativ, i staden for å utgreie eit mykje meir realistisk alternativ med utløpet i elva eit stykke ovanfor Seime bru der det er fast fjell nær elvebreidda.

Vi presiserer at det alternativet vi skisserer ovanfor, ikkje er eit nytt framlegg vi har ”funne på” no. Framlegget vart relativt grundig omtala i høyringsfråsegna vår av 30.06.2009 til Meldinga. Sjå punkt 2 nedst på side 2 i fråsegna vår av 30.06.2009 og dei utfyllande kommentarane til dette punktet på side 3. Ei heil rekkje andre høyringsinstansar har kome med liknande framlegg. Døme:

Utdrag av Gloppen kommune sitt vedtak:

”4. Eit alternativ der vatnet blir ført attende til elva mellom Norsk Fjordhestgard og Seime bru må greiast ut.”

Breim Kraft AS sitt svar på dette kravet (kjelde: NVE sitt KV-notat 15/21010. Bakgrunn for fastsatt utredningsprogram, side 41 og 42):

”4. Eit prosjekaltalternativ som opprettheld vassføringa i nedre del av Storelva (utløp ovanfor Seime bru) vil bli greia ut i konsesjonssøknaden.”

Med andre ord: **Breim Kraft AS har ikkje berre brote krava i NVE sitt utgreiingsprogram, dei har også brote sine egne lovnadar om kva dei skulle utgreie i konsesjonssøknaden. Det er heilt opplagt at NVE må krevje ei tilleggsutgreiing av eit realistisk utbyggingsalternativ med utløpet frå kraftstasjonen på ein høveleg stad mellom dei to bruene, eller mellom Seime bru og Norsk Fjordhestgard slik Gloppen kommune kravde. Ein slik stad finst, er vi overtydde om!**

Både naboane, eigarane av campingplassen ved elveosen som i dag sit på ”ei gullgruve” (som langt på veg kan gå tapt) i form av det som har vorte karakterisert som ein av landets beste innlandsfiskeplassar, dei mange ivrige, nokre gonger overlukkelege, fiskarane, og miljøet generelt, fortener det!

Plassering av steinmassane:

Slik vi tolkar NVE sine krav i utgreiingsprogrammet, er det for dårleg utgreidd korleis dei store steinmassane skal plasserast/brukast. Utbyggerane sitt hovudalternativ er å dumpe steinen, inklusive steinstøv og miljøgifter frå sprengstoffet, i Breimsvatnet. Etter vårt syn er dette eit heilt uakseptabelt alternativ. **Vi ber NVE krevje at utbyggerane utgreier eitt/fleire alternativ for bruk/deponering av steinmassane som ikkje inkluderer dumping i Breimsvatnet.** Vi minner her om at viss utløpet frå kraftstasjonen vert flytta til elva mellom Seime bru og Raad bru, så vil omfanget på steinmassane bli redusert med minimum 25%.

Minstevassføring:

I konsesjonssøknaden er det rekna med ei minstevassføring om vinteren på i underkant av 39% av Alminneleg lågvassføring, og ei minstevassføring om sommaren som er 50,4% av 5-persentil sommar. Når ein skal gjere eit så stort inngrep at ein fjernar det aller meste av vatnet frå den nedste delen av elva og utløpsosen, er dette altfor, altfor lite. Det gjer det ikkje betre at elva alt i dag er sterkt prega av ureining, med ein vasskvalitet som (slik vi forstår konsekvensutgreiinga) absolutt ikkje tilfredsstillar krava i EU sitt vassrammedirektiv. **Etter vårt syn kan det ikkje vere på tale med minstevassføringar som er mindre enn 2,6 m³/s om vinteren og 12 m³/s om sommaren!**

Viss utløpet frå kraftstasjonen vert plassert omlag midtvegs mellom Seime bru og Raad bru, og det i tillegg vert installert omløpsventil i kraftstasjonen, kan det kanskje vere akseptabelt med litt lågare



minstevassføringar, men med utløp direkte i Breimsvatnet slik som konsesjonssøkt, kan dette etter vårt syn ikkje kome på tale!

Sluttkommentar:

I denne utbyggingssaka synest vi det er positivt at dei fleste av utbyggerane er busette lokalt. Vi er kritiske, men i utgangspunktet likevel ikkje heilt negative til ei kraftutbygging i Storelva, men det er under den **absolutte** føresetnaden at det vert teke godt nok omsyn til miljø, landskap, naboar, anna næringsverksemd og ikkje minst dei store friluftinteressene, særleg knytte til fiske, i elveosen og den nedste delen av elva. For oss er det då ein ufråvikeleg føresetnad at utløpet frå kraftstasjonen vert plassert eit godt stykke ovanfor Seime bru, slik vi har skissert tidlegare i fråsegna. **Ei utbygging slik den er konsesjonssøkt, går vi sterkt mot, den er fullstendig uakseptabel!**

Slik vi ser det, legg den konsesjonssøkte utbyggingsløyisinga heilt einseitig opp til å tene interessene til utbyggerane, medan interessene til nokre av naboane, næringsinteresser knytte til reiseliv, særleg campingplassen ved utløpsosen, og dei store ålmenne interessene knytte til landskap, friluftsliv med elvepadling og – klårt viktigast – fiske, i stor grad vert fullstendig neglisjerte. Det heile er etter vårt syn fullstendig akseptabelt. Og direkte oppsiktsvekkande blir det når utbyggerane har valt å sjå bort frå både NVE, Gloppen kommune, Fylkesmannen, ei rekkje andre høyringsinstansar sine krav, **og Breim Kraft AS sine egne lovnader**, om å utgreie eit alternativ med plassering av kraftstasjonen oppstrøms Seime bru! Dette vitnar om liten respekt for både NVE, Gloppen kommune, naboar og dei mange andre som har store interesser knytte til den nedste delen av elva og utløpsosen.

I eit avisoppslag i Firda 16.04.2011 blir det lagt stor vekt på at Breim kraftverk skal bli det største privateigde kraftverket i landet. Sjå vedlegg. Etter vårt syn er det mykje viktigare med ei utbygging som tek omsyn til heilt andre interesser, som naboar, andre næringsinteresser og ålmenne interesser!

Ein reaksjon frå naboar finn ein ei eit oppslag i Firda 06.05.2011. Sjå 2 vedlegg. Dei miljøverdiane som naboane her ønskjer å ta vare på, synest vi er **langt** viktigare enn ønsket om å vere størst!

Ved å flytte utløpet frå kraftstasjonen til eit stykke ovanfor Seime bru, vil konfliktnivået i samband med utbygginga bli kraftig redusert. Utbygginga vil slett ikkje bli konfliktfri då heller, men slik vi ser det no, ut frå den informasjonen vi har, vil konfliktnivået kome ned på det som for mange vil vere eit akseptabelt nivå. Med det som no er konsesjonssøkt, vil konfliktnivået verte heilt uakseptabelt høgt for mange. **Vi vil så sterkt vi kan oppmode NVE om å bidra til at ei utbyggingsløyising med akseptabelt konfliktnivå blir utgreidd. Det trur vi vil vere det beste for alle partar, også utbyggerane. Med den konsesjonssøknaden som ligg føre no, vil vi like sterkt oppmode NVE om å avslå søknaden!**

Sakshandsamar hos oss er underskrivne, tlf. 57 82 69 05, E-post: alvar-m@online.no.

Venleg helsing
SOGN OG FJORDANE TURLAG
Naturvernutvalet

Alvar Melvær (sign.)
leiar

